

RENINGSLINJER FOR BRUK AV SKJÅKHALLEN

Vedteke av Skjåk kommunestyre 27.06.2013

Skjåkhallen generelt

- Alle brukar- og utleigeforhold skal bestillast gjennom servicetorget på kommunehuset.
- Det skal skrivast leigeavtale for all bruk av Skjåkhallen. Unnateke frå denne regelen er skule og barnehagar, bruk i regi av Skjåk il etter oppsett timeplan og arrangement/tilstellingar kommunen arrangerer i eigen regi.
- Betaling for leige/bruk av Skjåkhallen for alle leigeavtaler etter vedtekne satsar. Satsane blir fastsett av kommunestyret.
- Skular og barnehagar har bruksrett på heile Skjåkhallen. Brukstida for skule og barnehagar er i skuletida med tilpassingar etter arbeidstida for driftspersonalet.
- Sikkerheit og brannvernarbeid er obligatorisk for alle brukarar. Alle brukarar forpliktar seg å setja seg inn i sikkerheitsreglar, branninstruks og delta på brannøvingar.
- Brukarane har ansvar for rydding i Skjåkhallen etter sitt bruk.
- Brukarane er ansvarlege for at dører er lukka og låste etter bruk.
- Brukarar av Skjåkhallen kvitterar for nøkkelkort og betaler depositum etter gjeldande satsar.

Idrettshallen

- Utanom skuletid har lag/grupper frå Skjåk il fyrsteprioritet.
- Skjåk il melder inn til servicetorget ynskjer om halltider innan utgangen av juni kvart år. Skjåk il er sjølv ansvarlege for fordelinga av tider mellom gruppene.
- Idrettshallen har standardutrustning med handballmål. Desse skal vera på plass etterpå, uansett bruksformål.
- Fellesutstyr står til disposisjon for alle brukarar av idrettshallen. Feil eller skade på fellesutstyr skal meldast driftansvarleg.
- Lag/grupper har ansvar for opprigging og tilordning for sin aktivitet. Gjeld for både idrettshall og garderobar.

Symjehallen

- Offentleg bading er kommunalt ansvar og skal ha godkjent badevakt. Dersom det ikkje er mogleg å få på plass godkjent badevakt skal offentlig bading avlysast. Fordeling av tider for ulike aldersgrupper og brukargrupper blir fastsett i eige reglement.
- Skular og barnehagar er sjølv ansvarlege for å ha badevakt med godkjent livreddingskurs.
- Symjehallen kan leigast ut til private badegrupper gjennom servicetorget. Ei privat gruppe kan max bestå av 15 personar. Det blir stilt krav til at private badegrupper har badevakt med godkjent livreddingskurs. Hvis ikkje slik godkjenning kan dokumenterast, er det krav om at alle medlemmar i gruppa skriv under erklæring om at dei sjølv tek ansvar for sikkerheita. Dette skal gå fram av leigeavtalen og godkjenningsbevis skal framvisast ved inngåing av avtalen.
- Skjåk il v/symjegruppa melder inn til servicetorget ynskje om halltider innan utgangen av juni kvart år.

- Feil og manglar som blir oppdaga i symjehall, garderobe/dusj og badstue skal meldast til driftsansvarleg.

Styrketreningsrommet

- Aldersgense er 16 år for bruk av styrketreningsrommet.
- Endring januar 2019:
Gjennom eit administrativt vedtak i kommuna er det bestemt at ein kan ha eige styrketreningskort frå ein startar i 10. klasse. Kjøp av styrketreningskort før ein har fylt 16 år forutsett samtykkjeskjema frå føresette og gjennomført kurs i bruk av treningsutstyr.
- For å få tilgang til styrketreningsrommet må det kjøpast adgangskort i servicetorget.
- Adgangskort er personleg og skal ikkje lånast bort. Det blir utstedt gebyr for ikkje å ha gyldig adgangskort ved kontroll.
- Feil og manglar som blir oppdaga på utstyr i styrketreningsrommet og garderobe/dusj skal meldast til driftsansvarleg.

2. etasje

- Skjåk il melder inn til servicetorget ynskjer om brukstid innan utgangen av juni kvart år. Skjåk il er sjølve ansvarlege for fordelinga av tider mellom gruppene.
- Private spinninggrupper gjer avtale med servicetorget om halltid. Det skal utpeikast ein ansvarleg for kvar spinninggruppe. Skjåk kommune eig og har ansvar for drift og vedlikehald av spinningssyklane.
- Feil og manglar som blir oppdaga på spinningssyklane skal meldast til driftsansvarleg.

Sanksjonar mot brot på retningslinjene blir vurdert i kvart enkelt tilfelle.